

Møtebok

**KOU 2004:1 STERKE REGIONER, NOU 2004:19 LIVSKRAFTIGE
DISTRIKTER OG REGIONER - HØRING**

Utval	Saksnr	Møtedato	Saksbehandlar
Kommunestyret	007/05	27.01.2005	GTS

Saksansv.: Gunnar T. Stenseng	Arkiv: K1-026	Arkivsaknr.:	2004002254
	Objekt:	Journalpost:	2005000192

Utrykte vedlegg:

KOU 2004:1 frå KS - Sterke regioner.

NOU 2004:19 frå KRD - Livskraftige distrikter og regioner.

Bakgrunn for saka:

Kommunenes Sentralforbund (KS) har sendt ut på høring *KOU 2004 : 1 Sterke regioner*, som er ei utgreiing av og eit forslag til ei ny inndeling av *mellomnivået* i Noreg, utan omsyn til dagens inndeling i fylkeskommunar. Høringsfrist er **01. februar**.

Kommunal- og Regionaldepartementet (KRD) har sendt ut på høring *NOU 2004 : 19 Livskraftige distrikter og regioner*, også kjent som *Distriktskommissjonens innstilling*. Denne tar for seg 2 hovudområde: Distrikts- og regionalpolitikken, mål og verkemidlar for denne, med høringsfrist **14. januar**, og region- / og fylkeskommunestruktur, med høringsfrist **14. oktober 2005**. KS har oppfordra kommunane til å gi ei samla høringsuttale om desse innstillingane, og har avklara med KRD at det kan skje innan 01. februar 2005.

Formannskapet slutta seg den 07.12.04 til at ei gruppe samansett med 1 representant for kvart av partia i kommunestyret, samt ordføraren, legg fram eit utkast til høringsuttale for kommunestyret sitt møte den 27.01.05.

Gruppa har vore samansett slik: *Reidar Stangenes, Finn Hellebergshaugen, Herdis Markussen, Jan R. Bøe Øyen, Morten Halling og ordføraren.*

Om innstillingane:

Kommunenes Sentralforbund legg til grunn at Noreg treng eit såkalla mellomnivå, og at dagens inndeling i fylkeskommunar bør bli avløyst av *regionar*. Desse bør vere større og færre enn dagens inndeling. KS har engasjert *professor Tor Selstad* til å greie ut spørsmålet, og til å leggje fram 3 konkrete, kartfesta alternativ til regioninndeling, der eitt av alternativa skal vere det primære forslaget. Selstad har vurdert regioninndelinga ut frå 3 kriterium: *Storleik, funksjonalitet og identitet*.

Storleik er valt ut frå at regionane må vere store nok til å ta på seg fleire oppgåver enn dagens fylkeskommunar.

Funksjonalitet inneber at kvar region skal vere kjenneteikna av minst eitt bymessig senter og eit omland.

Identitet er valt ut frå at regionane skal styrast av politiske organ, og at innbyggerane skal kunne identifisere seg med regionen sin.

Selstad sitt hovudforslag er å dele landet inn i 7 regionar, jfr. det vedlagte kartet. Som ein ser vil Oppland og Hedmark etter dette forslaget bli ein region, med namnet *Innlandet*. Regionen vil få om lag 390 000 innbyggerar, og "Mjøsbyen" vil bli det naturlege senteret.

NOU 2004 : 19 er innstillinga frå den såkalla *Distriktskommisjonen*, oppnemnt av Regjeringa, og med *Johan Petter Barlindhaug* som leiar. Mandatet til kommisjonen har m.a. vore :

- vurdere den "breie" og den "smale" distriktpolitikken
- drøfte mål og verdigrunnlag
- foreslå innretning av regional- og distriktpolitikken i framtida

Kommisjonen meiner at distriktpolitikken i dag er prega av sentralisering og mangel på heilskapsperspektiv, men at det finst eit etter måten stort handlingsrom for endringar, dersom det er politisk vilje til det. Kommisjonen har formulert ein *visjon* for den framtidige distriks- og regionalpolitikken :

Å videreutvikle attraktive og livskraftige lokalsamfunn gjennom aktivt og konkurransedyktig næringsliv og likeverdige tjenestetilbud i hele landet, med sikte på å opprettholde hovedtrekkene i bosettingsmønsteret.

Kommisjonen har vidare formulert 4 hovudstrategiar for å nå desse måla :

- Politikk for å møte endring
- Vekt på den breie politikken
- Desentralisering av makt til folkevalte organ
- Å utnytte handlingsrommet i den smale politikken

Utvalet ønskjer sterke og vekstkraftige lokalsamfunn og regionar. Når det gjeld inndelinga, foreslår eit fleirtal i utvalet (12 medl.) ein 3-nivåmodell med eit mellomnivå inndelt i regionar, medan eit mindretal (3 medl.) foreslår ein 2-nivåmodell. Fleirtalet legg til grunn at det regionale nivået i stor grad skal overta oppgåver og makt frå staten.

Arbeidsgruppa hadde møte 24.01.05. Morten Halling deltok ikkje i arbeidsgruppa sitt møte.

FRAMLEGG TIL UTTALE FRÅ ARBEIDSGRUPPA :

Det er dissens i arbeidsgruppa når det gjeld framlegg til uttale.

- 1. Representantane Gunnar T. Stenseng, Reidar Stangenes og Jan R. Bøe Øien legg fram følgjande:**

Vedr. KOU 2004 : 1 :

KOU 2004: 1 legg til grunn at det både er behov for og politisk ønskeleg med 3 forvaltningsnivå i Noreg, og KS inviterer ut frå dette kun til ein diskusjon om antal, storleik og oppgåver for eit mellomnivå. Nord-Fron kommunestyre meiner at dette er grunnleggande feil. Kommunestyret finn det difor vanskeleg å ta stilling til forslaga i KOU 2004: 1 før det har vore gjennomført ei grundig vurdering av kor mange forvaltningsnivå det er behov for i

framtida, og i neste omgang ei oppgåvedeling mellom desse. Etter vårt syn er det heilt naudsynt å sjå oppgåvefordeling, framtidig kommunestruktur og fylkes- / regionnivå i samanheng.

Kommunestyret meiner difor at arbeidet med evt. regioninndeling bør bli stilt i bero, inntil Stortinget har tatt stilling til spørsmålet om tal på forvaltningsnivå i Noreg, og i samanheng med det – framtidig kommunestruktur. Dette kan skje gjennom oppfølginga av NOU 2004: 19, *Distriktskommisjonens innstilling*.

Denne behandlinga bør da få avklara :

Kor mange forvaltningsnivå er det behov for / har ein råd til i framtida ?

Dersom svaret er 3 nivå – korleis skal inndelinga av mellomnivået vere, korleis skal det organiserast og styrast (direkte / indirekte val m.v.). Deretter må ein sjå på kva for oppgåver dette nivået skal løyse, og korleis det skal finansierast.

Dersom svaret er 2 nivå, må ein foreta ei tilsvarande vurdering av oppgavefordelinga mellom statleg og kommunal sektor, samt av kva for kommunestruktur ein 2-nivå-modell føreset.

Uansett meiner kommunestyret at KS' primære regioninndeling, slik ho går fram av KOU 2004 : 1, vil gi altfor store og tungstyrte regionar, jfr. kartet. Ei av innvendingane mot dagens fylkeskommune er at han er fjern frå folk flest, og at det er umogeleg å skape identitet og eigarskapskjensle til dette nivået. Dette vil truleg bli enda tydelegare med ein stor landsdelsregion, og det vil påskunde den sentraliseringa som ein alt ser i dag.

Konklusjon :

KS bør snarast – t.d. gjennom konsultasjonssamarbeidet med Regjeringa – ta initiativ til å framskande ei evaluering av fylkeskommunen, og sjå konklusjonane frå denne evalueringa i samanheng med det arbeidet som nå er i gang med å sjå på kommunestrukturen.

Dette bør så i neste omgang vere ein vesentleg del av beslutningsgrunnlaget for å ta stilling til talet på forvaltningsnivå, oppgåvefordelinga mellom desse og inndeling av kommunenivået og eit evt. mellomnivå.

KS bør i dette arbeidet leggje særleg vekt på at statlege styringsfunksjonar som vedrører kommunesektoren, i størst mogeleg grad blir samordna og forenkla, at oppgaveløysinga blir lagt så nær dei berørte som mogeleg, og at kommunenivået og eit evt. mellomnivå blir tilført oppgåver og avgjerdsrett som i dag ligg hos både den sentrale og regionale staten.

Vedr. NOU 2004 : 19

Når det gjeld NOU 2004 : 19, meiner kommunestyret at det er uheldig at innstillinga har 2 ulike høringsfristar, da dei ulike spørsmåla som innstillinga omfattar, i stor grad heng saman med kvarandre. På bakgrunn av dette meiner vi at ei fullstendig uttale om NOU 2004 : 19 bør omfatte *alle* elementa sett i samanheng, og da innafor den siste høringsfristen som er sett.

Som ein førebels konklusjon kan kommunestyret likevel slutte seg til kommisjonen sitt forslag til *visjon* for distrikts- og regionalpolitikken, samt dei formulerte hovudstrategiane. Desse vil da vere styrande for dei meir detaljerte synspunkta på den "store" distriktspolitikken som vi vil komme attende til i den endelege høringsuttalen.

2. Representanten Herdis Markussen legg fram slikt framlegg:

Vedr. KOU 2004 : 1 :

1. Kommunestyret meiner at Noreg framleis må ha tre folkevalde offentlege forvaltningsnivå, der dagens fylkeskommunar blir erstatta med større og sterkare regioner. Kommunestyret vil særleg understreke at det er oppgåvene og myndighetsområdene som må vere styrande for inndelinga av region.
2. Kommunestyret meiner at Innlandet med basis i Oppland og Hedmark vil utgjøre ein velfungerande region, ut ifrå omsyn til storleik, funksjonalitet og identitet.
3. Regiontilhørigheten til "randsonerkommunane" blir foreslått vurdert nærare og avklart gjennom lokale demokratiske prosessar.
4. Ut ifrå omsynet til balansen mellom de nye regionane, vil kommunestyret fråå ein modell der Øst-Noreg utgjer ein helt dominerande region i forhold til befolkningstygnde og næringsmessig slagkraft. Dessutan meiner kommunestyret at det bør vere opp til fylke og kommunar det gjeld direkte å uttale seg om regioninndelinga i andre delar av landet.
5. Kommunestyret meiner det er viktig å følgje opp arbeidet som pågår med å utvikle ein kommunestruktur som er tilpassa framtidens utfordringar, men at store kommunar ikkje nødvendigvis er ein klår følgje av store og sterke regioner.
6. Kommunestyret meiner det framleis vil vere viktig å samarbeide på tvers av regioner, sjølv om det blir større enheter.
7. Kommunestyret ønskjer å legge til rette for etablering av ein framtidig innlandsregion. I dette arbeidet vil kommunestyret bygge vidare på samarbeidet i Arena Innlandet og erfaringane frå dei pågåande forsøk med enhetsfylket i Hedmark og prosjektet Fritt Fram i Oppland.

Vedr. NOU 2004 : 19

1. Kommunestyret meiner framtidig styringsmodell skal baseres på tre direkte folkevalde nivåer.
2. Styringa av Noreg må ha eit nedanfrå og opp perspektiv.
3. Regionane må ha langt fleire oppgåver enn dagens fylkeskommune for å kunne ha tilsikta utviklings- og styringskraft. Kommunestyret meiner at oppgåvefordelinga mellom stat, region og kommune i hovudsak må vere på plass før det skjer ei samanslåing av fylke/område.
4. Kommunestyret ser ei samanslåing av Hedmark og Oppland til ein region som relevant i denne samanheng. Ein meiner dette vil gi ein velfungerande regional einhet innanfor rammene som blir beskrive av Distriktskommisjonen.
5. Kommunestyret er opptatt av at samspill mellom nivåa er avgjerande for ein framtidig styringsmodell. Det blir streka under at det i regionalt utviklingsarbeid er viktig med partnerskap og god samhandling mellom kommunane, regionen, frivillige organisasjonar og privat næringsliv. Kommunane må ha innverknad på utvikling av politiske strategir og virkemiddelbruk på regionalt nivå.
6. Kommunestyret vil understreke at styrka territoriell samordning av den statlege sektorpolitikken på regionalt nivå er viktig, som ligg til grunn for forslaga frå distriktskommisjonen.
7. Kommunestyret er opptatt av at handlingsrommet innanfor virkemiddelapparatet blir utnytta. Inntil nye sterke regionar er oppretta, ønskjer kommunestyret at den smale distriktspolitikken blir forvalta av fylkeskommunane.

3. Representanten Finn Hellebergshaugen legg fram slikt framlegg:

Vedr. KOU 2004 : 1 :

1. Senterpartiet meiner det er behov for og politisk ønskjeleg med 3 forvaltningsnivå i Noreg.
2. I samsvar med KOU 2004:1, pkt. 4.2.10, bør den nåverande Fylkeskommunen erstattast med ei regional inndeling og styring.
3. Den nåverande kommunestrukturen blir ført vidare så langt det lokalt ikkje er ønskje om samanslåing.
4. Fylkesmannen reindyrkes som eit tilsyns- og kontrollorgan.
5. Før gjennomføring av omlegginga frå fylkeskommune til eit større og sterkare forvaltningsnivå, må ein sjå nærare på og få klårlagt oppgåvefordelinga mellom Staten og dei regionale og kommunale forvaltningsnivå.
Her må det vera ein føresetnad at oppgåvene, i størst mogleg grad, blir fløtt frå Staten og ut til dei folkevalde organa, saman med dei naudsynte økonomiske midla.

Vedr. NOU 2004 : 19

Her kan Senterpartiet slutte seg til framlegget frå representantane Gunnar T. Stenseng, Reidar Stangenes og Jan R. Bøe Øien

KOM-007/05 27.01.2005 Behandling:

Det vart lagt fram følgjande endra uttale frå Senterpartiet:

A. Vedr. KOU 2004 : 1 :

Nord-Fron kommunestyre meiner:

1. Det er behov for og politisk ønskjeleg med 3 forvaltningsnivå i Norge.
2. Den nåverande Fylkeskommunen bør erstattast av ei regional inndeling med folkevalgt styring, basert på hovedforslaget pkt. 4.2.
3. Den nåverande kommunestrukturen føres vidare så langt det lokalt ikkje er ønskje om samanslåing.
4. Fylkesmannsembetet legges ned i sin nåverande form og blir erstatta av statlege, regionale kontorer, for tilsyn og legalitetskontroll.
5. Før gjennomføring av omlegginga frå fylkeskommune til større og sterkare regionar, må ein sjå nærare på og få klårlagt oppgåvefordelinga mellom Staten og dei regionale og kommunale forvaltningsnivå.
Her må det vera ein føresetnad at oppgåvene, i størst mogleg grad, blir overført frå Staten og ut til dei folkevalde organa, saman med dei naudsynte økonomiske midler.

Forslag til uttale, pkt. A vedr. KOU 2004 : 1 frå representantane Gunnar T. Stenseng, Reidar Stangenes og Jan R. Bøe Øien fekk 17 røyster.

Forslag til uttale, pkt. A vedr. KOU 2004 : 1 frå senterpartiet fekk 6 røyster.

Forslag til uttale, pkt. A vedr. KOU 2004 : 1 frå representanten Herdis Markussen fekk 2 røyster.

Forslag til uttale, pkt. B vedr. NOU 2004 : 19 frå representantane Gunnar T. Stenseng, Reidar Stangenes og Jan R. Bøe Øien fekk 23 røyster.

Forslag til uttale, pkt. B vedr. NOU 2004 : 19 frå representanten Herdis Markussen fekk 2 røyster.

KOM-007/05 27.01.2005 Vedtak:

Kommunestyret gir følgjande uttale til KOU 2004:1 Sterke regioner:

KOU 2004: 1 legg til grunn at det både er behov for og politisk ønskeleg med 3 forvaltningsnivå i Noreg, og KS inviterer ut frå dette kun til ein diskusjon om antal, storleik og oppgåver for eit mellomnivå. Nord-Fron kommunestyre meiner at dette er grunnleggande feil. Kommunestyret finn det difor vanskeleg å ta stilling til forslaga i KOU 2004: 1 før det har vore gjennomført ei grundig vurdering av kor mange forvaltningsnivå det er behov for i framtida, og i neste omgang ei oppgåvedeling mellom desse. Etter vårt syn er det heilt naudsynt å sjå oppgåvefordeling, framtidig kommunestruktur og fylkes- / regionnivå i samanheng.

Kommunestyret meiner difor at arbeidet med evt. regioninndeling bør bli stilt i bero, inntil Stortinget har tatt stilling til spørsmålet om tal på forvaltningsnivå i Noreg, og i samanheng med det – framtidig kommunestruktur. Dette kan skje gjennom oppfølginga av NOU 2004: 19, Distriktskommissjonens innstilling.

Denne behandlinga bør da få avklara :

Kor mange forvaltningsnivå er det behov for / har ein råd til i framtida ?

Dersom svaret er 3 nivå – korleis skal inndelinga av mellomnivået vere, korleis skal det organiserast og styrast (direkte / indirekte val m.v.). Deretter må ein sjå på kva for oppgåver dette nivået skal løyse, og korleis det skal finansierast.

Dersom svaret er 2 nivå, må ein foreta ei tilsvarende vurdering av oppgåvefordelinga mellom statleg og kommunal sektor, samt av kva for kommunestruktur ein 2-nivå-modell føreset.

Uansett meiner kommunestyret at KS' primære regioninndeling, slik ho går fram av KOU 2004 : 1, vil gi altfor store og tungstyrte regionar, jfr. kartet. Ei av innvendingane mot dagens fylkeskommune er at han er fjern frå folk flest, og at det er umogeleg å skape identitet og eigarskapskjensle til dette nivået. Dette vil truleg bli enda tydelegare med ein stor landsdelsregion, og det vil påskunde den sentraliseringa som ein alt ser i dag.

Konklusjon :

KS bør snarast – t.d. gjennom konsultasjonssamarbeidet med Regjeringa – ta initiativ til å framskunde ei evaluering av fylkeskommunen, og sjå konklusjonane frå denne evalueringa i samanheng med det arbeidet som nå er i gang med å sjå på kommunestrukturen.

Dette bør så i neste omgang vere ein vesentleg del av beslutningsgrunnlaget for å ta stilling til talet på forvaltningsnivå, oppgåvefordelinga mellom desse og inndeling av kommunenivået og eit evt. mellomnivå.

KS bør i dette arbeidet leggje særleg vekt på at statlege styringsfunksjonar som vedrører kommunesektoren, i størst mogeleg grad blir samordna og forenkla, at oppgåveløysinga blir lagt så nær dei berørte som mogeleg, og at kommunenivået og eit evt. mellomnivå blir tilført oppgåver og avgjerdsrett som i dag ligg hos både den sentrale og regionale staten.

Kommunestyret gir følgjande uttale til NOU 2004:19 Livskraftige distrikter og regioner:

Når det gjeld NOU 2004 : 19, meiner kommunestyret at det er uheldig at innstillinga har 2 ulike høringsfristar, da dei ulike spørsmåla som innstillinga omfattar, i stor grad heng saman med kvarandre. På bakgrunn av dette meiner vi at ei fullstendig uttale om NOU 2004 : 19 bør omfatte *alle* elementa sett i samanheng, og da innafor den siste høringsfristen som er sett.

Som ein førebels konklusjon kan kommunestyret likevel slutte seg til kommisjonen sitt forslag til *visjon* for distrikts- og regionalpolitikken, samt dei formulerte hovudstrategiane. Desse vil da vere styrande for dei meir detaljerte synspunkta på den "store" distriktspolitikken som vi vil komme attende til i den endelege høringsuttalen.

Rett utskrift:

Sentraladministrasjonen i Nord-Fron, 31.01.05

Ingrid Stormyrbakken

Ingrid Stormyrbakken
førstesekretær